Kontaktinformasjon:

Sveio kommune
Tenestekontoret
53 74 82 20
tenestekontoret@sveio.kommune.no

Prosjektleiar for velferdsteknologi
Hege Kinn
53 74 82 14
hege.kinn@sveio.kommune.no

Tryggleikstenester i Sveio kommune blir levert i samarbeid med Tellu IoT AS.

Sveio kommune

Rev. 28.09.2020

Til deg som har vedtak om

TRYGGLEIKSALARM OG/ ELLER HEIMETENESTE

frå Sveio kommune

Sveio kommune

Tryggleikstenester i Sveio kommune

Sveio kommune byttar no ut 2G-tryggleiksalarmar med nye, digitale 4G-tryggleiksalarmar. Samstundes installerer me røykvarslar og elektronisk dørlås saman med tryggleiksalarmen. Denne brosjyren er tenkt til å gi deg ei beskriving av det utstyret som no blir installert.

Informasjon om utstyret som blir montert

Tellu IoT er leverandør av utstyret, og monteringa vil bli gjort av Infocare. Du vil bli kontakta av montør angåande tidspunkt for montering. Monteringa av utstyret i din heim blir gjort på vegner av Sveio kommune. Målet vårt er å auka tryggleiken i din heim.

Installatøren som kjem til deg vil følga grunnleggande smittevernreglar. Det er òg viktig at du følger smittevernreglane medan installatøren er hos deg. Hald avstand og ha god handhygiene.

Ny tryggleiksalarm

Du kan framleis sjølv velja alarmsendar i form av «smykke» rundt halsen eller som klokke på armen. Alarmsendaren fungerer på same måte som den du har i dag. Alarmsenderan kan brukast i dusjen.

Elektronisk dørlås

For at helsepersonell skal kunna rykka ut og hjelpa deg, må dei kunna låsa seg inn. Det vil derfor bli montert ein elektronisk dørlås (e-lås). E-låsen er ikkje synleg frå utsida av døra, og du fortset å bruka din eigen nøkkel slik du gjer i dag. E-låsen blir opna med eit signal som blir sendt frå ein autorisert mobiltelefon. Mobiltelefon blir berre brukt av kommunen si heimeteneste.

Brann-/røykvarslar

For å auka tryggleiken for deg blir det montert brann-/røykvarslar. Denne blir knytt til same responssenter som tryggleiksalarmen. Responssenteret vil kontakta brannvesenet. Brann-/røykvarslaren vil bli montert i dei bustadar som ikkje allereie har sentral direktevarsling til brannvesen/vaktselskap.

Pårørande-app – Tryggi

Den nye tryggleiksappen «Tryggi» gjer det mogleg for pårørande å sjå at den digitale tryggleiksalarmen er tilkopla og kommuniserer som han skal, samstundes som dei pårørande mottar varsling når det går ein alarm heime hos brukaren.

Slik fungerer tryggleiksalarmen

- Når du trykker på alarmsenderan vil tryggleiksalarmen ringa opp responssenteret. Helsepersonell som mottar alarmen vil sjå kven du er, og du vil få snakka med dei gjennom høgtalaren i tryggleiksalarmen.
- Personalet på responssenteret vil spørja deg om kva du treng hjelp til. Treng du hjelp vil dei senda ut ein person frå heimetenesta som vil komma og hjelpa deg.
- Dersom responssenteret ikkje får kontakt med deg når du har trykka på alarmsendaren, vil dei forsøka å ringa deg, ev. pårørande, på telefon. Dersom dei ikkje får svar, vil dei senda ein person heim til deg.

Slik fungerer den elektroniske låsen

- Når helsepersonell kjem for å hjelpa deg, låser dei seg inn med ein elektronisk nøkkel som er installert på deira telefon. Dersom du kan opna døra sjølv treng dei ikkje låsa seg inn med den elektroniske nøkkelen.
- Du skal bruka din eigen nøkkel slik du har gjort før, frå innsida låser du med vridar.

Slik fungerer brann-/røykvarslaren

- Dersom det oppstår ein situasjon kor det blir brann eller røyk i heimen din, vil brann-/røykvarslaren ringa opp responssenteret og det blir kopla opp ein tovegs samtale med deg gjennom tryggleiksalarmen.
- Hvis personell på responssenteret oppfattar at det er brann vil dei ringa brannvesenet som rykker ut til deg.

Slik fungerer Tryggi

- Tryggi er kopla til den digitale tryggleiksalarmen, røykvarslaren og Tellu IoT sitt responssenter.
- Pårørande loggar seg på via ID-porten, dette for å sikra at dine personopplysningar blir sikra. Ingen utanforståande kan logga seg på Tryggi.
- Med appen kan pårørande når som helst sjekka at tryggleiksalarmen og røykvarslaren er tilkopla. Pårørande blir òg varsla dersom det oppstår tilkoplingsfeil. Når alarmen blir utløyst, vil responssenteret snakka med brukaren som utløyste alarmen, vurdera tiltak, og informera pårørande. Pårørande blir berre varsla ved alvorlege hendingar.
- Dersom du og dine pårørande ønsker tilgang til å ta i bruk denne appen, ta kontakt med Tenestekontoret eller prosjektleiar for velferdsteknologi.